



Sirdal kommune

Sinnes skule

Klassekontaktar og vararepresentantar i Sinnes FAU

DYKKAR REF.:	VÅR REF.:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	12705/2019 - 2007/1591	Åse-Berit Fidjeland	A20	03.09.2019

REFERAT FRÅ MØTE I SINNES FAU 28.08.19

Til stades: Helin Morel, Karine Tjørhom Myhra, Bjørg Hilde Fidjeland, Piotr Jarosz, Wenche Svanes, Olaug Ådneram, Thomas Nygård og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Siri Fidjeland, André Karoliussen, Odd Kjetil Kvalvågnes og Svein Rune Skilnand

Saksliste:

Sak 9/19: Kort om FAU og rådet sin funksjon

Rektor informerte om klassekontaktrolla og FAU si rolle, sjå vedlegg 1. Alle klassar fekk utlevert trykt utgåve av heftet *Medlem av FAU*, og i tillegg blir tidsskriftet *Hjem og skole* sendt som ranselpost til klassekontaktane tre gonger i året.

Sak 10/19: Informasjon om saker skuleåret 2018/2019 og arbeid vidare

Førre års FAU-leiar, Thomas Nygård, om at FAU er med å planleggja haustsamling i kvar klasse via klassekontakten, juleavslutning med kjøkkenansvar og sommaravslutning. FAU er rådgjevande organ for Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU), mellom anna i saka om leikeapparat, om- og påbygging av Sinnes skule og vidareføring av trivselsleiar.no (TL).

Det var to foreldremøte, eit med resultat frå elevundersøkinga, og *Delbart* i samarbeid med Politiet. Rektor informerte om at skulen legg inn foreldremøta som ein del av planleggingsdagane, slik at lærarane òg blir med på desse møta.

Dette skuleåret var FAU-leiaren på begge skulane med i ei arbeidsgruppe som skulle laga retningsliner for skuleturar i Sirdalsskulen, saman med elevrådsleiarane og rektorane, og Roy Hegre var med i arbeidsgruppa for om- og påbygging av Sinnes skule.

Sak 11/19: Konstituering av FAU med val av leiar, nestleiar og sekretær

Med to av seks hovudrepresentantar til stades var det vanskeleg å velja, men dei som var der, sa seg villege til å stilla som:

Leiar: Karine Tjørhom Myhra

Nestleiar: Helin Morel

Leiaren kallar inn til møte snarast mogleg for å velja sekretær.

Sak 12/19: Val av to representantar til SU og tre til SMU

Når sekretær er vald, må ein avgjera kven som møter i SU (to personar) og SMU (tre personar), men FAU-leiaren bør vera med i begge utvala.

Sak 13/19: Kort om ulike reglar og planar

Rektor informerte kort om : - [Ordensreglar](#)
- [Plan for elevane sitt skulemiljø](#)
- [Plan for kvalitetsutvikling 2019-2020](#)

Desse finn ein på skulen si heimesida under menyen øvst til venstre. Rektor orienterte spesielt om §)a og handlingsplikta.

Sak 14/19: Diverse informasjon v/ rektor

1) Sak om nye leikeapparat

Det er sendt ut anbodspapir til åtte (8) ulike firma, og det skal vera anbudsopning 30. august. (Der viste det seg at det hadde kome inn eit (1) tilbod med tre ulike forslag til leikeapparat. Desse er sende elevrådet for å høyra kva dei meiner er mest aktuelt.)

2) Kommunestyrehandsaming 05.09.19 av om-/påbygging

Saka om om-/påbygging av Sinnes skule vart send attende frå kommunestyre i juni for å sjå på delar av totalentreprisen ein kunne ta ut av prosjektet for å få det billigare, og kva innsparing dette ev. ville gje. FAU/foreldra kan diskutera om dei vil møta på kommunestyret som sist, men det er nok vanskelegare å få med seg elevar.

3) Trafikksikker kommune

Sirdal kommune vil bli trafikksikker kommune, og kvar eining må oppfylla ulike kriterium, som generell trafikktryggleik, trafikkopplæring i skulen og rutinar. I tillegg er det eit punkt om heim – skule-samarbeid, der læreplanen i trafikk er årleg tema på foreldremøte og der foreldre og FAU blir involverte i trafikktryggleiksarbeidet til skulen.

Åse-Berit Fidjeland
Rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	38 37 90 00	Internett:	www.sirdal.kommune.no
Rådhuset, Tonstadveien 28	Sinnes skule, Sirdalsvegen	Telefaks:	38 37 03 30	E-post:	post@sirdal.kommune.no
4440 Tonstad	7352, 4443 Tjørhom		28014608062	Org.nr.:	964964165
		Bank kto.:			